



Holon Bergen AS  
Kanalveien 11  
5068 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/2403 - 22/74050

Saksbehandlar:  
Merethe Tvedt  
merethe.tvedt@alver.kommune.no

Dato:  
27.09.2022

## Referat undervegs møte - detaljregulering Kvassnesbakken

Undervegs møte blei haldt på Frekhaug kommunehus tysdag 27.9.2022 frå kl. 9.00-10.20. Frå forslagsstillar deltok: Aslaug Sæther (Holon arkitektar) og Dag Dalland (Erstad & Lekven)

Frå kommunen: Arne Helgesen (SVVA), Irene Wilhelmsen (SVVA) og Merethe Tvedt (plan).

Bakgrunn for møte; moglegheit for å utsette krav om teknisk veg, vann og avlaupsplan til før rammeløyve.

- Rekkefølgekrav før rammeløyve

Planmaterialet som er framlagt viser at dei krav som blir sett til teknisk plan for veg, vann og avlaup kan løysast tilfredsstillande i planarbeidet, og vi tar difor inn eit rekkefølgekrav om at desse planane skal vera godkjent før rammeløyve, og ikkje før 2. gongshandsaming som var avtalt i merknadsmøte.

Holon legg inn rekkefølgekrav om at teknisk plan for VA skal vera på plass før rammeløyve.

Holon legg inn rekkefølgekrav om at teknisk plan for veg skal vera på plass før rammeløyve.

- Handtering av eksisterande avlaups rør

Holon arkitektar skal før innsending til 2. gongshandsaming beskrive/illustrere løysing for handtering av eksisterande avlaupsleidning/rør aust i planområdet. Det skal i utgreeinga vise korleis ein kjem til leidningen ved vedlikehald/skade med den plasseringa som er foreslått.

- Andre opplysningar:

Foreslått løysing for renovasjon (hentestad og snu moglegheiter for bossbil) blei tatt opp av vegavdelinga, og her vil administrasjonen komme med oppdatert informasjon.

Norconsult prosjekterer veg for områdeplanen. Inger Marie Jordal er kontakt person i Alver kommune

Med helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Merethe Tvedt  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Holon Bergen AS

Kanalveien 11 5068

BERGEN